Fra: Hallgeir Lund[lundhallgeir@gmail.com]
Mottatt: 22.10.2026 13:42:48
Til: Postmottak Fyresdal[postmottak@fyresdal.kommune.no]
Emne: Merknad til varsla planendring - Reguleringsplan for Molandsmoen industri- og friluftsområde planid. 202201

Eg viser til kommunen sitt varsel datera 07.10.2026 om endring av føresegnene 5.1 og 5.2 i reguleringsplan for Molandsmoen industriområde og friluftsområde planid. 202201.
Samt skrivet til Anette Lie datera 11.10.2026 der ho peikar på viktige momenta i saka.

Eg skal ikkje repetere det Anette skriv, men eg vil likevel streke under noko som er særs viktig for oss som bur i grenda Snartland. For oss er eventuelle bygg sin arkitektur, støy, rystingar i grunnen, ljosforureining og anna forureining etc. svært viktige moment som faktisk vil vere avgjerande for om det går an å bu i denne grenda. Så langt er det ingen som har kunna gjeve oss gode og sikre svar på dette. Det er nok av folk som både trur og meiner, men ansvaret for deira påstandar det må skuvast over til andre.

I planendringa går det fram at i område 2 er maksimal møne- / gesimshøgde 12 meter og ventilasjonsrør, piper og liknande kan overstige maks mønehøgde med 5 meter, slik at ei samla høgde kan vere 17 meter. For ordens skuld vil eg presisere at område 2 er det området som ligg frå grensa til dagens datasenter og vestover til grensa for friområdet.
I dag er det bygd ein støyvold på dette friområdet der kanten av denne volden ligg 27 meter frå min garasje. Høgda på støyvolden varierar, men i området som skjermar for meg skal den vere ca. 9 meter høg.

Meininga er at volden skal dempe støy, ljosforureining og innsyn mot brakker og datasenteret. Dersom det nå skal opnast for å sete opp bygg med ei samla høgde på 17 meter, så seier det seg sjølv kor lite dagens jordvold vil hjelpe mot dei nevnte ulempene.
For orden si skuld vil eg nevne at bygget til MHM ved Verpet er 10,30 meter høgt.

Ut ifrå det eg veit i dag har eg ikkje noko grunnlag for å påstå det. Men for meg luktar dette mistenkjeleg om at ein ynskjer å legge til rette for ei framtidig utviding av dagens datasenter eller oppbygging av eit nytt. Det er naturleg å spør. Kven andre er det som har bruk for eit bygg med dei nevnte spesifikasjonane ?

Difor håpar eg at Fyresdal kommune sine politikarar seier nei til å sete opp 17 meter høge konstruksjonar i dette området. Får ikkje vi som er nære naboar li nok ?
Eg er sjølvsagt klar over at det aktuelle området er regulert til industriområde. Men det er Fyresdal kommune som SKAL BESTEMME kva slag industri ein skal ha der og kva slag bygg ein skal tillate i området.

Med helsing

Hallgeir Lund
Birtedalsvegen 103
3870 Fyresdal
Tlf. 97069879